

forum for
natur og
friluftsliv

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 30. januar 2015

Krav om revisjon av 050.Z Eidfjordvassdraget

FNF Hordaland er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i fylket. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelinga og Syklistanes Landsforeining Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerar totalt over 36.000 medlemskap.

Med heimel i Vassdragsreguleringslova og på vegne av allmenne interesser i Hordaland, stiller me hermed krav om revisjon av gjeldande konsesjonar for 050.Z Eidfjordvassdraget.


Grunngjeving for krav om revisjon:

Eidfjordvassdraget har særstak stor verdi som laksevassdrag, med sin bestand av storlaks. Situasjonen for laksestammen i Eidfjordvassdraget har i mange år vore, og er framleis, kritisk. Vassdraget har ein bestand med sjøaure som og er redusert (kategorisert som "hensynskrevjande" i Lakseregisteret).

Det er svært redusert vassføring i Eidfjordvassdraget i dag, og vasskraftsutbygging er vurdert som avgjerande for den negative utviklinga av laksebestanden. Manglande minstevassføring vinterstid er ein flaskehals for produksjon av anadrom fisk i vassdraget, mellom anna på grunn av at lav vassføring fører til redusert gyteareal, tørrelæsing og frysing av egg. Redusert vassføring har også gjeve problem for smoltutvandringa og oppvandring av gytefisk.

I tillegg til store verdiar for fisk og fiske har Eidfjordvassdraget vesentlege landskapsverdiar, med mellom anna Vøringsfossen som turistattraksjon og landskapselement, og Skykkjedalsfossen i Sima som ein av Noregs 10 høgste fossar. Fleire av magasina i Eidfjordvassdraget grenser opp mot Hardangervidda nasjonalpark og Skaupsjøen/Hardangerjøkulen, som er nasjonalt viktige friluftsområde med mellom anna fleire DNT (Den Norske Turistforeining) rute- og hyttenett.

Det er to konsesjonar i Eidfjordvassdraget som kan revideras innan år 2022, og konsesjonær er Statkraft Energi AS. Vi er kjend med at konsesjonæren arbeider for å sikre forholda for laks og sjøaure innafor ramma av føresegna i gjeldande konsesjon, og det er i den samanheng gjennomført ei rekke fiskebiologiske undersøkingar i vassdraget sia tidleg 2000-talet.



forum for
natur og
friluftsliv

Når det no opnas for at gjeldande vasskraftkonsesjon kan revideras, er det naturlig å gjennomgå eksisterande kunnskap som føreligg og eventuelt innhente ny kunnskap, for å vurdere om ein kan gjere endringar ved gjeldande konsesjon som vil betre miljøforholda i vassdraget. Det bør også vurderas om ein kan setje vilkår for å betre landskaps- og opplevingsverdi i dei områda som er viktige for friluftsliv.

Aktuelle tiltak:

Vi meiner dagens krav til slepp av minstevassføring i Bjoreio ikkje er tilstrekkeleg, og at det er behov for auka vassføring i vassdraget. I tillegg må ein sikre slepp av vatn både sommar- og vinterstid. Det må i revisjonsprosessen gjennomføras undersøkingar for å avdekke kva slags drift/effektkjøring som gir den beste økologiske tilstanden for vassdraget. Ein bør også vurdere magasinrestriksjonar i Rembedalsvatnet av omsyn til landskap og friluftsliv.

Vi forventar at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggas til grunn i revisjonsprosessen.

Vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland

Nils Tore Skogland
Dagleg leiar
Naturvernforbundet Hordaland

Alv Arne Lyse
Fylkessekretær
NJFF Hordaland

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag



Naturvernforbundet
i Hordaland



Bergen og Hordaland Turlag



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Eidfjord kommune